

Mobils scenen er pakka ut, montert og reist.

27.06.2019



Jakob Vik og Georg Dahl frå firma Konsertsystemer er snart klar med rigginga av den store mobils scenen.

**Firma Konsertsystemer er på plass på Dønhaug med ein scene som ikkje har vore brukt før i Uskedalen. Det er ein mobils scene på hjul og som vert pakka ut og heva hydraulisk. Scenen har fire tårn med ei høgde på 11 meter. I buken ligg alt stålet. Fundamentet er ein semitrailer. I tillegg kjem eit liten installasjon for lyd/mix.**

Det er fyrste gongen Konsertsystemer er i Uskedalen. Verksemda har avdeling i Oslo, Ålesund og Bergen. Dei har tilbod innan alt som går på scene, lyd og lys, stort og smått. Sju mann er med til Uskedalen for rigging, tilsyn og for å sjå at alt fungerer. Ein mann vil alltid vera på plassen dersom noko uventa skulle skje. Scenen er sertifisert for vind inntil 18 meter pr. sekund.

Tysnesfest, Bygdalarm, Seljord, Torgdagen i Bergen og Fjordsteam brukar alle Konsertsystemer med scenerigg. Sceneriggar Jakob Vik er godt nøgd med å vera i Uskedalen. Festivalarenaen på Dønhaug er spesiell, litt trengt, men utruleg vakkert. All infrastruktur er på plass og arrangøren gjer alt for at det tekniske skal fungera.



Konsertsystemer har all scenerigg på Festidalen. Frå Uskedalen går turen til Tysnesfest.

Seint onsdag kveld var det meste av rigginga på plass,- bar- og frivilligtelt, telt for sal av effekter, plassen for Røde Kors, billettuer og plassen for innslusing, telt for lyd/mix. Artistane brukar kjellar og eige telt i bakkant. Festivalleiinga brukar hovudhuset. I redskapshuset er det grilling og sal av mat. Låven kan brukast av sponsorane.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Konsertarenaen i kveldssola.